

## **Planlegging og byggesakshandsaming**

### **Notat 300114**

I saker frå "gamle dagar" (om lag 30 år sidan) er det som regel klar tale og enkelt å orientera seg. På denne tida kladda ein med blyant og reinskreiv på maskin. Dokument frå denne tida ber preg av orden og struktur.

I "vår moderne tid" (2014) er det ikkje alltid like lett å finna fram og forstå. Offentlege dokument er prega av datateknologien og -kulturen, mange produserer lange skriverier der mesteparten er kopiert og repetert, færre kontrollerer kvaliteten. Dokumenta vert i stigande grad prega av uorden og tomme tankar, og framstår som unødig krevande, sett frå lesaren si side.

### **Bestemmelsessykja**

Den digitale kopieringsteknologien, kombinert ei forkjært oppfatning om at det er ei plikt for det offentlege å detaljstyra borgarane, skapar ei overflod av unødvendige og lite gjennomtenkte forordningar som det i neste omgang må dispenserast frå. Alt dette unyttige strevet skapar arbeid og arbeidsplassar i offentleg sektor, men unødvendige frustrasjonar og kostnader i privat sektor som skal produsera varer og tenester og finansiera velferdsgoder.

### **Regulerande kreativitet i reaksjonær lei**

Det ser ut til å vera ein aukande tendens til å produsera nye reglar som manglar heimel i gjeldande lovverk. Typisk i plansamanheng er ; krav om at vegar skal vera så smale at dei ikkje skal kunna ferdast på med maskiner og heller ikkje kunna byggjast maskinelt, forbod mot maskinbruk, skjerpning av gjeldande regelverk for søknadsplikt etter plan- og bygningslova, pussige krav knytta til infrastruktur og energikjelder, osv.

### **Nye ord og utrykk**

Det er serleg bruken av ordet *jurdisk* som grip om seg, i ulike samanhengar : juridiske punkt, juridiske liner, juridiske flater, juridisk bindande osv. Ordet ser ut til å verta misbrukt for å kunna utøva ei makt det ikkje er grunnlag for i gjeldande lover og forskrifter. Juridisk har med lov- og rett (jura, jus) å gjera : juridisk fakultet, justisdepartement, jusstudent. Ei line mellom punkt A og B i ein reguleringsplan kan ikkje omtalast som juridisk.

### **Analysar og analysekrav**

Innafor tema som ROS (Risiko- og Sårbarhet) og Naturmangfald er det utvikla ulike former for *overtru*. I staden for å produsera skriverier og tabellar som for folk flest framstår som reint kvakksalveri, må det skapast eit akseptklima for å kalla ein spade for ein spade.